

**KONTRAKT FOR HEIMEBUAR/HYBELBUAR VED
SYGNA VGS AS - SKULEÅRET 2018/19**

Namn heimebuar/hybelbuar: _____ **Fødselsdato:** _____

Heimebuarar/hybelbuarar er hjarteleg velkomne i internatmiljøet og har same rettar som internatelevane til skulebygget på fritida. Alle elevane må rette seg etter gjeldande reglement når dei er i internatmiljøet.

Skulepengar og ev. kostpengar skal betalast innan den 16. kvar månad (første betaling manuelt innan 31. august). Faktura vert sendt per e-post og/eller avtalegiro. Ved manglande betaling sender skulen melding (purring) på e-post til foreldra som er økonomisk ansvarlege. Dette gjeld ikkje elevar over 19 år som får støtte frå Lånkassen uavhengig av foreldra sin økonomi. Eit skuleår vert rekna som 10 månader, f.o.m. august t.o.m. mai.

Deleelevar betaler 50 % skulepengar dersom eleven har mindre enn 50 % undervisning og 100 % dersom eleven har 50 % eller meir undervisning.

Elevar som avbryt skulegangen i august etter fyrste skuledagen, må betale skulepengar for dei dagane eleven har vore rekna som elev. Elevar som avbryt skulegangen i 1. termin, etter august, må betale skulepengar for den månaden eleven avbryt skulegangen, pluss ein månad i tillegg. Elevar som avbryt skulegangen i 2. termin, må betale skulepengar for den månaden eleven avbryt skulegangen, pluss to månadar i tillegg. Innmeldingspengar vert ikkje refunderte.

Set kryss dersom noko av dette er aktuelt for deg:

<input type="checkbox"/>	Eg vil kjøpe drikke til lunsj alle skuledagar dette skuleåret (10 md. à kr 137,-).
<input type="checkbox"/>	Eg vil kjøpe lunsj inkludert drikke på alle skuledagar (10 md. à kr 525,-). Vi tek atterhald om endringar i ordninga.
<input type="checkbox"/>	Eg vil nytte skulen sitt utstyr til fritidsaktivitetar (ulike spel, bordtennis, biljard, styrkerom og liknande) (10 md. à kr 25,-).
<input type="checkbox"/>	Eg vil delta på julemiddagen i desember (kr 150,-, blir betalt på januarfakturaen).

Underteikna er gjort kjent med skulereglement og internatreglement (sjå infoheftet på www.sygna.vgs.no).

Stad og dato: Balestrand 31/5-18 _____
Rektor

Stad og dato: _____

Elev

Foreldre/føresette (for elevar under 19 år)

E-postadresse for faktura: _____